



RETNINGSLINJER FOR TRENINGS-/DELTAKEARAVGIFT – HAFSLO IDRETTSLAG

- Hafslo Idrettslag har vedtak om betaling av trenings-/deltakaravgift. Satsane varierer ut frå alder. Trenings-/deltakaravgifta kjem i tillegg til medlemsskap (medlemskontigent).
- Styret vurderer årleg satsane for trenings-/deltakaravgift i samband med årsrekneskapen. Særgrupper som har innspel til endring av satsar sender desse til leiar.
- Trenings-/deltakaravgifta skal reknast som ein eigendel for at idrettslaget betalar påmeldingar, reiser/ferjekort og andre utgifter etter idrettslaget sine retningslinjer. Dersom trenings-/deltakaravgifta ikkje er betalt, har utøvaren ikkje rett til å få dekt utgifter frå idrettslaget.
- Alle som skal delta i aktivitet i Hafslo IL må melde seg på via skjema på heimesida vår: www.hafslo-il.no. I tillegg må særgruppene sende namneliste over utøvarar som er med på treningar og/eller konkurransar i regi av idrettslaget. Desse oversiktene dannar grunnlag for utsending av krav om trenings-/deltakaravgift.
- Utøvarar som er med på fleire aktivitetar i regi av idrettslaget, betalar berre ei trenings-/deltakaravgift.
- Innbetalt trenings-/deltakaravgift vert fordelt på dei ulike særgruppene sine budsjett ut i frå tal deltakarar.

Satsar for treningsavgift/deltakaravgift, sesongen 2025

Fødd 2016 – 2025, 0-9 år, kr 0

Fødd 2011 – 2015, 10-14 år, kr 400

Fødd 2006 – 2010, 15 -19 år, kr 600

Senior fotball herrer, kr 1500 (frå 20 år og oppover)

Senior fotball damer, kr 1000

Senioridrett (ved deltaking i konkurranse utanom fotball), kr 1000

Oppdatert 28.12.2024

Ove Midtbø

Leiar Hafslo IL